

Opplev  
**JÆREN**

# Opplev Jærmalarane



#4  
Slåttonn på Kvalbein  
Kitty Kielland, 1884

- DETTE ER JÆRMALARANE**
- Kitty Lange Kielland (1843 – 1914)
  - Nicolai Ulfsten (1854 – 1885)
  - Eilif Peterssen (1852 – 1928)
  - Frits Thaulow (1847 – 1906)
  - Harriet Backer (1845 – 1932)
  - Elisabeth Sinding (1846 – 1930)
  - Sigurd Moe (1860 – 1917)
  - August Jacobsen (1868 – 1955)
  - Bernhard Hinna (1871 – 1951)
  - Per Gjemre (1864 – 1928)
  - Emil Abrahamsen (1875 – 1963)
  - Gudmund Stenersen (1863 – 1934)
  - Ole Tjøtta (1880 – 1930)
  - Ola Varhaug (1889 – 1965)
  - Bruno Krauskopf (1892 – 1960)
  - Bjarne Monrad Hansen (1890 – 1976)
  - Amaldus Clarin Nielsen (1838 – 1932)



#5  
Stranding på Jæren  
Nicolai Ulfsten, 1881



#1  
Fra Ogne  
Kitty Kielland, 1878



Kartet til høgre viser kor fleire av dei mest kjende motiva er henta frå. Oppsök dei ulike stadane og bruk ramma over til å finna same utsnittet.

Kanskje du vert inspirert på same måten som Jærmalarane blei?

# Opplev JÆREN

## OPPLEV DET JÆRMALARANE GJØRDE TIL KUNST

Namnet "Jærmalar" er brukt om kunstnarar som var kjende for sin produksjon frå Jæren. Dei var den norske versjonen av Skagenkunstnarane, og kom til Jæren mot slutten av 1800-talet for å måla det jærske lyset og spesielle landskapet. Fram til Jærmalarane vart opptekne av området, var Jæren næraast ein kvit flekk på kartet. Eit forbilese, trelaust og flatt land med mørke myrar og brune lylngheier.

Det Jærmalarane gjorde og betydde, har ingen skildra så godt som Arne Garborg i 1899:

«Og det som er det utrulege: dei målar ikkje berre sjø og strand. Elvar og bruer, enger og låavar, bondegardar og alt som er vert emne for kunst; og let seg bruka til kunst, endå det er frå Jæren. Ja om eg skal våge meg fram med alt: sjølve svarte torvmyrane vert måla. Med torv og alt... Og torvmyra vert poesi, so svart ho er».



SCAN KODEN FOR  
Å FINNA NØYAKTIGE  
KOORDINATAR.

## SJÅ DET VERKELEGE JÆREN

Frå Tungenes i nord strekker det flate jærlandskapet seg mot sør til det møter knausane mellom Ogna og Sirevåg. Her fann Jærmalarane motiva som har gjort Jærmaleriet til ein eigen kategori i norsk kunst. Jæren hadde ein annan natur enn den som tidlegare hadde prega norsk landskapsmåleri. I tråd med framveksten av naturalismen som retning i kunsten, vart det viktigare å måla det sanne enn det vakre. Då vart den mindre prangande naturen på Jæren ein godt egnat motsats til dei store skog- og fjellandskapa andre stader i landet. Landskapsmålarane vart opptekne av å formidla lyset og fargane i naturen slik

dei eigentleg var heller enn å skapa vakre klisjear. Det gjer og at kunstverka gir eit godt innblikk i korleis Jæren var for godt 100 år sidan.

Jærmalarane er eit samarbeidsprosjekt mellom lokale reiselivaktørar og kulturaktørar for å utvikla Jæren som reisemål.

Foto © O. Væring Eftf AS.




Tarekjøring  
Kitty Kielland, 1979-80



En strandvasker  
Nicolai Ulfsten, 1884



Vrakauksjon på Jærens rev  
Nicolai Ulfsten, 1880



BRUK RAMMA TIL Å FINNA  
SAME UTSNITTET I DAG.



På utsikt  
Eilif Petersen, 1880



Strandparti fra Jæren  
Nicolai Ulfsten, 1882



Fra Ogne  
Kitty Kielland, 1878



Fra Jæren  
Nicolai Ulfsten, 1882